



Klagenemnda for tilskudd
til kulturarrangementer

Avgjerd frå Klagenemnda for tilskudd til kulturarrangement 23. mars 2021

Sak: 2021/70

Klager: Ingebrigt Davik – Huset KF

Klagenemndas samansetning:

Nemndleiar Tore Lunde, nemndsmedlemmene Kiran Aziz, Daniel Nordgård og Anne Margrete Fiskvik

1 Bakgrunn for saka

- (1) Ingebrigt Davik – Huset KF (heretter «klagar») søkte 30. november 2020 om tilskot til seks arrangement etter forskrift av 19. oktober 2020 nr. 2070 om midlertidig tilskudd til kulturarrangement som følge av covid-19 (heretter «forskrifta»). Arrangementa «Brattvåg Janitsjar – Stjernekom, «Mil etter Mil, en hyllest til Jahn Teigen» og «The Dark side of UHØRT» vart gjennomført i perioden 18. oktober til 8. november 2020, medan arrangementa «Tommy Steine – Gi litt mere faen», «Jul på Sunnmørsk» og «Deilig er jorden – Teatret Vårt» var planlagt gjennomført i perioden 27. november til 19. desember 2020.
- (2) Kulturrådet fatta vedtak om avkorting/avslag den 3. desember 2020 med følgjande grunngjeving:

«Det er kun billetterte kulturarrangement som «er budsjettert med driftstap før tilskudd», som kan motta støtte under stimuleringsordningen, jf. § 4 bokstav c i forskrift om midlertidig tilskudd til kulturarrangementer som følge av covid-19. Det fremgår av søknaden din at arrangementet er budsjettert med driftsoverskudd før tilskudd, og søknad om støtte avslås.»
- (3) Klagar klaga på vedtaket om avkorting den 16. desember 2020. Klagar har vist til at alle arrangementa i søknaden hadde underskot. Det vart dels underskot på grunn av dårleg billettsal i høve til det klagar hadde tenkt, men hovudårsaka til svikt i billettsalet var restriksjonar grunna covid-19. Klagar har vidare vist til at summen av inntekter/utgifter for kvart arrangement ikkje kom tydeleg fram av søknaden og har vedlagt utrekninga for kvart arrangement. Dette viser klart at klagar har tapt pengar på kvart einaste arrangement som dei har hatt utleige på denne perioden.
- (4) Kulturrådet vurderte klagen, men konkluderte med at den ikkje gav grunnlag for å gjere om eller oppheve vedtaket, jf. lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker datert 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 33. Klagen og dokumenta i saka vart sendt til

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Klagenemnda for tilskudd til kulturarrangement ved Kulturrådet si innstilling datert 11. januar 2021.

- (5) I innstillinga har Kulturrådet vist til det i søknaden vart gjort greie for reelle billettinntekter og ikkje potensielle salsinntekter. Kulturrådet heldt fast avslaget fordi arrangementa etter pålagte restriksjonar framleis hadde potensial til å gå i balanse før tilskot. Vidare har Kulturrådet vist til at arrangementet «*Tommy Steine – Gi litt mere faen*» i hovudsak var eit psykisk helse/coaching-foredrag, og ikkje eit arrangement med kulturelt eller kunstnarisk innhald.
- (6) Klagar har i brev datert 19. januar 2021 fått informasjon om saksgongen til Klagenemnda for tilskudd til kulturarrangement og frist til å gi kommentarar til Kulturrådet si innstilling i saka eller andre merknader.
- (7) I e-post datert 8. mars 2021 frå Klagenemndssekretariatet vart klagar gitt frist til 12. mars 2020 til å kome med merknader til Kulturrådet si innstilling kor det var lagt til grunn at arrangementet «*Tommy Steine – Gi litt mere faen*» ikkje var å rekne som eit «*kulturarrangement*» etter forskrifta. Det ble også spurt om klagar oppfatte seg sjølv som arrangør for arrangementa.
- (8) Klagar svarte på brevet den 12. mars 2021. Klagar har opplyst at dei oppfatta seg sjølv som arrangør, ettersom arrangementa skjedde i klagar sine lokale og dei organiserte alt det praktiske i forbindelse med arrangementa. Vidare opplyste klagar at dei hadde låge utleigeprisar til desse arrangementa fordi dei rekna med å få stimuleringsmiddel i ettertid.
- (9) Klagenemnda for tilskudd til kulturarrangement behandla saka i nemndsmøte 3. og 22. mars 2021.

2 Det rettslege grunnlaget

- (10) Det rettslege grunnlaget er forskrift av 19. oktober 2020 nr. 2070 om midlertidig tilskudd til kulturarrangementer som følge av covid-19 (stimuleringsordning).
- (11) I forskrifta § 2 om føremål står det:

«Formålet med tilskuddene er:

- a) *å nå kulturpolitiske mål og avhjelpe kultursektoren gjennom den pågående covid-19-krisen gjennom å stimulere til gjennomføring av arrangementer i kultursektoren innenfor smittevernpålegg gitt av offentlige myndigforsheter som følge av covid-19 og*
- b) *å stimulere til økt aktivitet i hele kulturarrangementets verdikjede gjennom at tilskuddsmottakere overholder økonomiske forpliktelser overfor involverte parter i samsvar med inngåtte avtaler.»*

- (12) Forskrifta § 3 fyrste ledd lyder som følgjer:

«Tilskudd kan gis til arrangør som har hovedansvar for å gjennomføre et arrangement som i hovudsak formidler et kulturelt eller kunstnerisk innhold, er registrert i Enhetsregisteret og mottok under 60 prosent av sine inntekter fra offentlig tilskudd i

2019. Kommunale kulturhus og kinoer, eller menighetsråd eller lignende som er en del av et tros- eller livssynssamfunn, kan også regnes som arrangør selv om de ikke har en selvstendig registrering i Enhetsregisteret. For filmarrangementer kan både distributør og visningsleddet søke tilskudd som arrangør."

- (13) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka, og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det, og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

3 Klagenemnda si vurdering

- (14) Klagar gjeld Kulturrådet sitt vedtak om avslag på søknad om tilskot til gjennomføring av fleire arrangement i perioden 18. oktober 2020 til 27. november 2020.
- (15) Det følger av forskrifta § 3 fyrste ledd at ein arrangør som har *«hovedansvar for å gjennomføre et arrangement»* som i hovudsak formidlar eit kulturelt eller kunstnarisk innhald kan få tilskot. Hovudregelen er følgjeleg at det er arrangøren med det vesentlege ansvaret for kulturarrangementet som har krav på tilskot etter stimuleringsordninga. Ordninga er lagt opp slik at hovudarrangøren held ansvaret for å sende inn ein samla søknad på vegne av seg sjølv og eventuelle underleverandørar, nettopp for å kunne dekkje dei krava underleverandøren har mot hovudarrangøren for deira tenester. Denne tolkinga er i samsvar med tilskotsordninga sitt føremål om *«å stimulere til økt aktivitet i hele kulturarrangementets verdikjede gjennom at tilskuddsmottakere overholder økonomiske forpliktelser overfor involverte parter i samsvar med inngåtte avtaler»*, jf. forskrifta § 2 bokstav b. Dersom det er fleire arrangørar som har delansvar for gjennomføringa av arrangementet, følger det av søknadsskjema til stimuleringsordninga at søkar må beskrive *«forholdet mellom arrangørene»*.
- (16) Klagar har opplyst at dei oppfattar seg sjølv som arrangør, ettersom arrangementet skjedde i deira lokale og dei organiserte alt det praktiske i forbindelse med arrangementet. Klagar stod for all organisering utanom akkurat det som skjedde på scena og hadde låge utleigeprisar til arrangementa fordi klagar rekna med å få stimuleringsmiddel i ettertid.
- (17) Etter klagenemnda sitt syn er klagar å sjå som ein underleverandør som leverer ei teneste til arrangørane bak dei ulike kulturarrangementa. Basert på saka sine opplysningar hadde klagar krav på 10 % av billettinntektene samt leieinntekter frå dei ulike arrangørane bak arrangementa. Dette tilseier at klagar var underleverandør som hadde ansvar for å gjere i stand lokalet for gjennomføring av arrangementa. Nemnda kan ikkje sjå at klagar, ved å ta på seg ein del av det praktiske ansvaret for å gjere i stand lokala for arrangementa, blir og sjå som hovudarrangør. I budsjetta som er lagt fram for dei ulike arrangementa er heller ikkje klagar oppført som arrangør. Dei ulike artistane mv. står som arrangør på alle arrangementa. Også dette taler for at klagar er ein underleverandør som står for utleige av lokalet. Klagar sine eventuelle krav på stimuleringsmiddel må følgjeleg bli retta mot kontraktspartane.
- (18) På denne bakgrunn er klagenemnda kome til at vilkåra for å få tilskot etter forskrifta, ikkje er oppfylt.

4 Vedtak

(19) Klagenemnda for tilskudd til kulturarrangement fattar etter dette følgjande vedtak:

1. Klagen vert ikkje teken til følgje.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje bli klaga på, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Vedtaket er samrøystes vedtatt.

Bergen, 23. mars 2021

Tore Lunde

Kiran Aziz

Daniel Nordgård

Anne Margrete Fiskvik

Nemndleiar

Nemndsmedlem

Nemndsmedlem

Nemndsmedlem

Dokumentet er godkjent elektronisk